

## Empowerment og omsorg: Handtering av behandlingsstrategikonflikter

Roar Stokken<sup>1</sup>, Frode Heldal<sup>2</sup>, Knut Hunnes<sup>3</sup>, Gudrun Solstad Thokle<sup>4</sup>

- 1) Førsteamanuensis, Høgskulen i Volda, Institutt for sosialfag
- 2) Førsteamanuensis, NTNU Handelshøyskolen
- 3) Førstelektor, Høgskulen i Volda, Institutt for sosialfag
- 4) Prosjektmedarbeidar, Ørsta kommune, Tenesta for psykisk helse/rus

Helse- og sosialtenestene opplever eit auka krav til spesialisering, profesjonalisering og koordinering. Dette fører lett til både større skilnader og meir avstand mellom dei som må samarbeide for å yte tenester. På jakt etter utfordringar i tverrprofesjonelt samarbeid, har vi fått nokre historier frå kommunal rus/psykiatriteneste.

Ingen av historiene gir grunn til å tru at dei involverte har dårlege intensjonar. Dei har berre ulike prioriteringar og ulike måtar å hjelpe på. Dermed, trass i gode intensjonar, påverkar nokre involverte sine handlingar og strategiar, andre involverte sine handlingar og strategiar på ein negativ måte. Det oppstår med andre ord ein slags konflikt om behandlingsstrategi.

Strategikonflikter er ikkje uvanleg i tverrprofesjonelt samarbeid, og løysinga er gjerne meir samarbeid og mindre tid til brukarkontakt. Dette prosjektet studerer grunnlaget for behandlingsstrategikonflikter og korleis dei vert handtert. Vi fokuserer difor på korleis sosial- og helsearbeidarar handterer behandlingsutfordringar som er skapt av andre sosial- og/eller helsearbeidarar. Målet er å bidra til meir effektive samarbeidsmåtar og dermed meir effektive tenester.

For å få kunnskapar om konfliktane har vi valt semistrukturerte intervju. Etter ein presentasjon av prosjektet, ønskjer vi å diskutere intervjuguiden.